



Arkivnr: 2016/1388-1

Saksbehandlar: Lars Tveit

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.02.2016

**Clean North Sea Multi Modal Transport Network - deltaking i prosjekt****Samandrag**

Hordaland fylkeskommune har hatt leiaransvaret for EU-prosjektet CNSS – Clean North Sea Shipping. Prosjektet tok opp fleire felles klima- og miljøspørsmål for landa kring Nordsjøen. Dette gjaldt spørsmål knytt til skipsfart og miljø i hamner og hamneområde. I tillegg utarbeidde prosjektet ulike nettbaserte modellar for å få oversyn over miljøproblema og mogelege tiltak for å løysa desse.

CNSS-prosjektet er det informert om tidlegare i fylkesutvalet og som vedlegg til saka ligg aktuelle lenker til rapportar og resultat elles frå prosjektarbeidet. Deltakarane i CNSS-prosjektet var dels offentlege institusjonar, dels forskingsinstitutt og dels universitetsmiljø. I tillegg var det deltakarar frå store hamner kring Nordsjøen, slik at både den teoretiske og praktiske innsikta i kva som påverkar miljøet deltok i prosjektet. Dette var på alle hald – også i EU-kommisjonen – trekt fram som ein viktig grunn til at prosjektet kom til relevante resultat.

Det er no planar om å vidareføre arbeidet i eit nytt prosjekt – «Clean North Sea Multi Modal Transport Network» – der ein god del av dei tidlegare partnarane vil delta. I partnarskapen er det ytra ynskje om at Hordaland fylkeskommune også denne gongen skal ta rolla som Lead Beneficiary (ansvarleg partnar).

**Nøkkelaktivitetar vil vera:**

- Utvikling av forretningsmodellar knytt til ulike former for transport, og skifte mellom desse.
- Vurdering av infrastrukturelle mogelegheiter, behov og utfordringar
- Modellering og visualisering som viser korleis ulike transportformer (kjøl, veg, bane) påverkar luftkvaliteten.
- Modellering av ulike utslepps-scenarier som byggjer på varierande teknologi og drivstoffkjelder (tungoljer, diesel, bensin, LNG, H<sub>2</sub>, EL, ...) i eksisterande transportkjeder versus tankegangen rundt «Modal Shift» (velg den til ei kvar tid mest samfunnsøkonomisk og miljømessig optimale transportforma).
- Spesifikasjon av dokumentert miljøpåverknad og utforming av handlingsplanar for fullskala implementering av optimaliserte transportløysingar /strategiar

Kostnadane Hordaland fylkeskommune står ansvarleg for som prosjektleiar (WP 1 og WP2) har ei totalramme på 500 000 Euro (omlag 4,75 mill. NKR). 50% av denne kostnaden får HFK attende frå EU Fond / KMD. Faktisk kostnad for HFK blir då 2,4 mill. Den samla kostnad på 2,4 millionar vil bli fordelt over 4 budsjettår slik :

2016 / kr.200.000,-

2017 / kr.750.000,-

2018 / kr. 750.000,-

2019 / kr.750.000,-

Hordaland fylkeskommune har på noverande tidspunkt i søknadsprosessen ikkje forplikta seg verken til deltaking eller pengebruk. Dette vil vera status fram til det føreliggende endelig politisk vedtak i saka.

#### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til at Hordaland fylkeskommune tek del i, og leiar EU prosjektet «*Clean North Sea Multi-Modal Transport Network*», som ligg under INTERREG VB / Nordsjøprogrammet.  
Målet med prosjektet er å skapa reinare hamner, hamnebyar og omland til desse, gjennom operasjonelle og teknologiske inngrep på sjø og land som er forskingsbaserte, og byggjer på konseptet «multimodale transportsystem».
2. Prosjektet er ei vidareføring av prosjekta «*Clean North Sea Shipping*» (2010 – 2014) og «*Clean North Sea Shipping – Improved Dissemination & Impact*» (2014 – 2015), som også vart leia av Hordaland fylkeskommune.
3. Finansiering av prosjektet som vist i saksframlegg, vert fordelt i økonomiplanperioden 2016 til 2019 med samla kr. 2.400.000,-, henta frå Klimaplanen (Handlingsplan 2016), Handlingsplan for Næringsutvikling 2016 (Klimaretta næringstiltak) og med tilleggsløyving frå fylkesutvale sin disposisjonskonto med kr. 800.000,-. I tillegg kjem 2,4 mill. kr. Frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet sine EU-fond, INTERREG VB / Nordsjøprogrammet.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende til vidare prosjektfinansiering i økonomoplanen slik det går fram av saksføreleget.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

#### Vedlegg

- 1 Clean North Sea Multi Modal Transport Network - EU godkjent Expression of Interest  
**Fylkesrådmannen, 04.02.2016**

## Bakgrunn

«Det grøne skiftet» bidrar til å gje retning for utvikling av ny teknologi og til å endra åtferd hos menneske. Forureining av luft, jord og vatn akselererer faretruande fort og det hastar med å ta grep for i det minste å bremsa utviklinga.

Dei siste åra har transportsektoren fått eit aukande fokus på seg. Mangfaldet av transportformer og tilhøyrande diversitet i teknologi og «drivstoff»-typar gjer at det er tildels svært stor forskjell i kva klima- og miljøeffekt utslepp til luft frå desse har, og kva omfang det er snakk om. Dette gjer det nødvendig å gå nærmare inn i dei ulike variantar for betre å forstå detaljane i dette komplekse fagfeltet, og dernest å kunna vurdera relevante tiltak frå forvaltande myndigheter for å redusera skadeverknadane.

Det er «verktøy» til ei slik forskingsbaserte forvaltning «Clean North Sea Multi-Modal Transport Network», forkorta CNSMMTN, som prosjektet skal utvikla og gjera tilgjengeleg for styrande organ.

Transporten av gods og folk aukar parallelt med global folketalsvekst og auka kjøpekraft i mange, folkerike land. Det er dette sceneriet som fremjar tanken om det «Multimodale skiftet».

Utfordringane er globale, og det står dårelg til mange stader. Nordsjø-bassenget og tilstøytande landområder er mellom desse, som då og Hordaland er ein del av. For å koma vidare med å utvikla felles, globale løysingar og regelverk er det avgjerande at det vert jobba i internasjonalt kring klima- og miljøspørsmål. Dette var Hordaland fylkeskommune sin motivasjon for deltaking i prosjektet «*Clean North Sea Shipping*» (CNSS) i perioden 2010 - 2014 og er også motivasjonen for deltaking i det nye prosjektet «*Clean North Sea Multi Modal Transport Network*» (CNSMMTN) - prosjektet.

CNSMMTN - prosjektet er ei vidareføring og vesentleg utviding av prosjektet «*Clean North Sea Shipping*» (CNSS), som også vart leia av Hordaland fylkeskommune (2010 – 2014) ([www.cnss.no](http://www.cnss.no)), og som sette spor etter seg i INTERREG VB / Nordsjøprogrammet (jamf. webside):

<https://www.youtube.com/watch?v=H7jow7SOmCI&feature=youtu.be>.

Etter at CNSS vart avslutta i 2014 ga Nordsjøprogrammet og Hordaland fylkeskommune økonomisk støtte til eit kortare oppfølgingsprosjekt (12 månader) for å formidla dei mange og gode resultata og tilrådingane frå prosjektet ([www.cnss.no](http://www.cnss.no), *CNSS news*). Dette miniprosjektet hadde tittelen «*Clean North Sea Shipping – Improved Dissemination & Impact*». Hordaland fylkeskommune leia prosjektet, som blei presentert på omlag 15 av dei viktigaste maritime konferansane i Europa i 2015.

Konklusjonar og video ([https://youtu.be/kQ\\_J2IHd0Jo](https://youtu.be/kQ_J2IHd0Jo)) etter prosjektet vart presenterte for Fylkesutvalet i 2014.

Elles er prosjektresultat og tilrådingar presenterte på Kommunal- og Moderniseringsdepartementet sin oppstartskonferanse for INTERREG – programmet i Oslo i 2015, og for EFTA – delegasjonen som etter invitasjon frå Utanriksdepartementet, vitja Bergen hausten 2015.

## Det «Modale skiftet»

Tanken bak prinsippet om “Modal shift” er å redusera omfanget av tungtransport på veg ved å flytta last over til andre, meir miljøvennlege transportformer (særleg sjøtransport og jernbane). Det er også store forventningar knytte til teknologisk nyvinning slik at store deler av bilparken (også større kjøretøy) blir utsleppsfree. Målet er å redusera trengselen på overbelasta vegnett, for å gjera transporttida så kort som mogeleg for den gamle bilparken, pluss å fasa inn neste generasjon transportkjøretøy. Det vil redusera utslepp til luft betydeleg. Transport over land har i dag tildels stor og negativ effekt på miljøet, gjer logistikken mindre forutsigbar, og det blir langt meir komplisert å utøva effektiv «supply chain management».

Det er elles eit bakteppe at relasjonane mellom ulike transportformer og helse stadig får eit sterkare fokus, og kjem i aukande grad til å bli styrande for framtidige politikkutforming.

### **Plattform for prosjektet i Hordaland sine strategidokument**

Prosjektet byggjer på dei miljømessige utfordringane vi ser både globalt, nasjonalt, regionalt og lokalt og som i denne samanheng har sitt utspring i alle former for transport.

«Expression of Interest» / innleiande søknad til EU, er lagt ved dette saksframlegget. Denne er godkjent av EU og partnarskapet er invitert til å senda inn full søknad.

Resultata og tilrådingane frå CNSMMTN – prosjektet vil vera eit viktig innspeil for politisk leiing HFK i.h.t. korleis transportsektoren skal utvikla seg i Hordaland i åra framover.

Om CNSMMTN - prosjektet kjem i gang, vil dette vera det største einskildtiltaket i Klimaplanen sitt Handlingsprogram f.o.m. 2017, t.o.m 2019.

### **Prosjektforankring i INTERREG VB / Nordsjøprogrammet**

Prosjektet «*Clean North Sea Multi – Modal Transport Network*» ligg under INTERREG VB / Nordsjøprogrammet, «Priority 4 – Promoting green transport and mobility».

Overordna målsetting for prosjekt i denne kategorien i utviklingsplanen for Nordsjølanda er å stimulera til bærekraftig transport, fjerna flaskehalsar i viktige kommunikasjonskorridorar og infrastruktur, og utvikla og betra miljøvennlige, lågkarbon transportsystem. Her under høyrer maritim transport, hamner, multimodale knutepunkt, innanlands vassvegar og lufthamner. Målet med dette er å styrka regional og lokal mobilitet i eit bærekraftig perspektiv.

### **Prosjektinhald og arbeidsfordeling**

Prosjektet skal omsetja i praktiske tiltak og handlingar som byggjer på forskingsbaserte resultat frå pilotprosjekt, analyser, scenariobygging, modellering og utvikling av nettbaserte verktøy som gjer det lettare og meir presist å forvalta på ein bærekraftig måte.

Målet er å skapa reinare hamner, hamnebyar og omland til desse, gjennom operasjonelle og teknologiske inngrep som byggjer på konseptet «multimodale transportsystem». Målsettinga er å gjera transporten av folk og gods så miljøvennlig og kostnadseffektiv som mulig gjennom bruk av ulike og tilpassa transportmiddel som t.d. lastebil, tog og skip kombinert på ein optimal måte.

Nøkkelaktivitetar vil vera:

- Utvikling av forretningsmodellar knytte til ulike former for transport og skifte mellom desse
- Vurdering av infrastrukturelle mogelegeheter, behov og utfordringar
- Modellering og visualisering som viser korleis ulike transportformer (kjøl, veg, bane) påverkar luftkvaliteten.
- Modellering av ulike utsleppsscenerier som byggjer på varierande teknologi og drivstoffkjelder (tungoljer, diesel, bensin, LNG, H<sub>2</sub>, EL, ...) i eksisterande transportkjeder versus tankegangen rundt «Modal Shift» (velg den til eikvar tid mest samfunnsøkonomisk og miljømessig optimale transportforma)
- Spesifikasjon av dokumentert miljøpåvirkning og utforming av handlingsplanar for fullskala implementering av optimaliserte transportløysingar /strategiar.

Arbeid og aktivitetar er delte inn i seks «Work Packages»-WP/ delprosjekt:

WP 1 – Project Management

WP 2 – Communication

WP 3 – Existing and future “Logistics and Economics”

WP 4 – Infrastructure components / Identify bottlenecks, barriers and technology gaps

WP 5 – Demonstrations / Modelling & Simulations

WP 6 – Exploitation and Impact

### **Partnerskap, ansvarsfordeling og budsjett**

Partnarskapet er ikkje endeleg, men berre mindre justeringar er venta i høve til oppsettet nedanfor. Leiarane for delprosjekta (WP Leaders) er på plass.

- Hordaland fylkeskommune
- Newcastle University / UK
- Energy Valley, Groningen / Nederland
- Helmholtz-Zentrum, Geesthacht, Hamburg / Tyskland
- World Maritime University (ligg under FN), Malmö / Sverige
- Port of Rotterdam, Nederland
- Det Norske Veritas – Germanische Lloyd (DNV – GL), Bergen / Internasjonalt
- DB Schenker / Tyskland – Norge / Maersk / Danmark
- Hamburg Hamn / Free and Hanseatic City of Hamburg / Tyskland
- Danish Port Authority, København / Danmark

Frå Hordaland vil og Bergen kommune og Bergen og Omland Havnevesen vera med i prosjektet som Beneficiaries evt. Co-Beneficiaries.

Prosjektet har ei total ramme på 3,129 mill. EURO (omlag 30 mill. NKR). Hordaland fylkeskommune sin andel av dette som prosjektleiar (WP 1 og WP2) er på 500 000 Euro (omlag 4,75 mill. NKR). 50% av denne kostnaden får HFK attende frå EU Fond / KMD. Faktisk kostnad for HFK blir då omlag 2,4 mill. NKR fordelt på 4 budsjettår slik : 2016 / kr.200.000, 2017 / kr.750.000, 2018 / kr. 750.000, 2019 / kr.750.000. Oversikta nedanfor viser korleis desse kostnadane kan dekkast inn:

Finansiering av prosjektet vert slik (i NKR):

1. Handlingsplanen for Næringsutvikling i Hordaland / Klimaretta tiltak	800.000
2. Klimaplanen for Hordaland	800.000
3. Fylkesutvalet	800.000
4. Kommunal- og Moderniseringsdepartementet sine EU - midlar til prosjektdeltaking i Nordsjøprogrammet	2.400.000
<hr/> Totalbudsjett	5. 800.000.
<hr/>	6.

Godkjenning av prosjektsøknadane til INTERREG – programmet førelåg ikkje innan tidspunktet for handsaming av budsjettet i Hordaland fylkeskommune for 2016. Fylkesrådmannen var såleis ikkje kjend med utfallet av den innleiande søknadsvurderinga i EU på det tidspunktet.

Hordaland fylkeskommune har på noverande tidspunkt i søknadsprosessen ikkje forplikta seg verken til deltaking eller pengebruk. Dette vil vera status fram til det føreliggende endelig politisk vedtak i saka.

### **Viktige, forklarande og motiverande grunnar til at søknaden bør få delfinansiering frå Hordaland fylkeskommune**

Søknadar til EU om 50% medfinansiering til prosjektet blir vurderast i to runder:

Fase 1: «*Expression of Interest*» (EoI) / intensjonsbasert kortversjon

Fase 2: «*Full Application*»

- Eit mindre antal søker er no godkjende av INTERREG VB / Nordsjøprogrammet og er inviterte til å senda inn full søknad til programmet. «*Expression of Interest*» frå «*Clean North Sea Multi – Modal Transport Network*» - prosjektet er godkjent av EU.
- Prosessen med å skrive «*Full Application*» vil halda fram i partnarskapet. Søknadsfrist er 15. mars 2015.
- Prosjektet har som mål å greia ut, vurdera og utforma politisk plattform som beslutningsgrunnlag for framtidige vegval for Hordaland innafor transportsektoren.
- Kjernen av partnarar i CNSMMTN - prosjektet var også mellom dei viktigaste bidragsytarane til dei gode resultata i «*Clean North Sea Shipping*» - og «*Clean North Sea Shipping – Improved Dissemination & Impact*» - prosjekta.
- Samansetting av Partnarskapet er ikkje avslutta. Mykje tyder på at følgjande Nordsjøland vil vera representerte:
  - Norge
  - Sverige
  - Danmark
  - Storbritannia
  - Tyskland
  - Nederland
  - Belgia (i forhandling)

### **Konklusjonar**

Mangfaldet av transportmiddel og tilhøyrande diversitet i teknologi og «drivstoff»-typar gjer at det er tildels svært stor forskjell i kva klima- og miljøeffekt utslepp til luft frå desse har, og kva omfang det er snakk om. Dette gjer det nødvendig å gå nærmare inn i dei ulike variantar for betre å forstå detaljane i dette komplekse fagfeltet, for dernest å kunna vurdera relevante tiltak frå forvaltande myndigheter for å redusera skadeverknadane.

For å koma vidare med å utvikla felle løysingar og regelverk er det avgjerande at det vert jobba i internasjonale nettverk rundt klima- og miljø-spørsmål. Dette var grunntanken med, og motivasjonen for, deltaking både i dåverande «*Clean North Sea Shipping*» - prosjektet (CNSS) og er grunntanken no i det nye «*Clean North Sea Multi Modal Transport Network*» - prosjektet.

Prosjektet «*Clean North Sea Multi-Modal Transport Network*» er i stor grad utforma på grunnlag av ulike fylkeskommunale strategidokument.

**Nøkkelaktivitetar vil vera:**

- Utvikling av forretningsmodellar knytte til ulike former for transport og skifte mellom desse.
- Vurdering av infrastrukturelle mogelegheiter, behov og utfordringar
- Modellering og visualisering som viser korleis ulike transportformer (kjøl, veg, bane) påverkar luftkvaliteten.
- Modellering av ulike utsleppsscenarier som byggjer på varierande teknologi og drivstoffkjelder (tungoljer, diesel, bensin, LNG, H<sub>2</sub>, EL, ...) i eksisterande transportkjeder versus tankegangen rundt «Modal Shift» (velg den til eikvar tid mest samfunnsøkonomisk og miljømessig optimale transportforma)
- Spesifikasjon av dokumentert miljøpåvirkning og utforming av handlingsplanar for fullskala implementering av optimaliserte transportløysingar /strategiar.